



OFFENTLEG MØTEPROTOKOLL

Organ	Fylkesutvalet
Møtestad	Leikanger - Fylkeshuset, møterom Sygna
Møtedato	20.06.2017
Kl.	10:00 – 12:55

Faste medlemer til stades:

Jenny Følling, Sp
Sigurd Reksnes, Sp
Aleksander Øren Heen, Sp
Trude Brosvik, KrF
Åshild Kjelsnes, Ap
Helen Hjertaas, Ap
Bjørn Erik Hollevik, H
Gunhild Berge Stang, V

Forfall til møtet:

Hilmar Høl, Ap

Varamedlemer til stades:

Jakob Andre Sandal, SV

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesrådmann Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Svein Hågård og Marit Silje Husabø

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebøkene frå 31. mai og 12. juni 2017 vart godkjende utan merknader.

Fylkesutvalet vedtok at sak nr. 71/17 skulle handsamast bak lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 2.

Fylkesordføraren fekk fylkesutvalet sitt samtykke til ho kan gi støtteuttale til Nekst AS sitt havbruksprosjekt i Solund, Askvoll og Flora.

Fylkesrådmannen opplyste at det vil bli lagt til rette for at fylkestinget i oktober 2017 vil få til handsaming ei sak om status for oppfølginga av prioriterte planar under «Regional planstrategi». I ei slik sak kan det vere aktuelt å tilrå å justere einskilde planar når det gjeld framdrift og/eller innhald. Saka bør og omtale korleis forholdet skal vere mellom tematiske planar og planar med ei geografisk avgrensing.

SAK 65/17 Lønspolitikk for Sogn og Fjordane fylkeskommune

VEDTAK:

Fylkesutvalet vedtek lønspolitikk for Sogn og Fjordane Fylkeskommune, jf. vedlegg 2.

SAK 66/17 Fritak frå verv i Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne

VEDTAK:

- 1) Fylkesutvalet fritar Wenche Røkenes frå sitt verv i fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne.
 - 2) Fylkesutvalet vel som ny medlem i fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne: Anita Æsøy.
 - 3) Fylkesutvalet vel som ny varamedlem i fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne: Synnøve Solhaugen Engen.
-

SAK 67/17 Fylkeskommunalt ENØK-fond - støttemidlar for 2017

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Følgjande får støtte frå fylkeskommunalt ENØK-fond i 2017:

1. Jølster kommune får inntil kr. 117 000.
2. Hornindal kommune/Hornindal omsorgssenter får inntil kr. 94 400.
3. SFFK, Eid, Måløy og Stryn VGS får ikkje tildelt midlar.
4. Naturvernforbundet får inntil kr. 60 000.
5. Gauldalen kommune får inntil kr. 50 000.
6. Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd får inntil kr. 13 000.
7. Luster kommune/Gaupne idrettshall får inntil kr. 290 100.
8. Luster kommune/Friskhuset Gaupne får inntil kr. 250 000.
9. Fjordvarme AS får inntil kr. 50 000.
10. Energikompetansesenteret får inntil kr. 100 000.

Tiltaka som får støtte skal vere realiserte innan 15.12.2018 og sluttrapport skal vere sendt til fylkeskommunen innan 31.12.2018.

Endringsframlegg:

Fylkesrådmannen sette fram slikt framlegg til endring av punkt 3 i tilrådinga:
SFFK, Eid, Måløy og Stryn VGS får tildelt kr. 100.000,-.

Avrøyting:

Tilrådinga, med endringa frå fylkesrådmannen, vart samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Følgjande får støtte frå fylkeskommunalt ENØK-fond i 2017:

1. Jølster kommune får inntil kr. 117 000.
2. Hornindal kommune/Hornindal omsorgssenter får inntil kr. 94 400.
3. SFFK, Eid, Måløy og Stryn VGS får tildelt kr. 100.000,-.
4. Naturvernforbundet får inntil kr. 60 000.
5. Gauldalskommune får inntil kr. 50 000.
6. Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd får inntil kr. 13 000.
7. Luster kommune/Gaupne idrettshall får inntil kr. 290 100.
8. Luster kommune/Friskhuset Gaupne får inntil kr. 250 000.
9. Fjordvarme AS får inntil kr. 50 000.
10. Energikompetansesenteret får inntil kr. 100 000.

Tiltaka som får støtte skal vere realiserte innan 15.12.2018 og sluttrapport skal vere sendt til fylkeskommunen innan 31.12.2018.

**SAK 68/17 Høyring av forslag til program for konsekvensutgreiing
for olje- og gassfeltet Garantiana**

VEDTAK:

Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at framlegg til konsekvensutgreiingsprogram (KU-program), supplert med kommentarar frå relevante faginstansar, vil sikre at viktige miljø- og fiskerifaglege spørsmål blir handtert på ein tilfredsstillande måte. Vi vil konsentrere fråsegnar rundt spørsmål om samfunnsmessige verknader gjennom følgjande kommentarar:

1. Ein stor del av norsk petroleumsproduksjon skjer utanfor Sogn og Fjordane. Det er ein ubalanse mellom produksjon og aktivitet på land. Over tid er det opparbeidd kapasitet og kompetanse som gjev eit godt grunnlag for å ta på seg nye oppgåver. Flora kommune, som er vertskommune for forsynings- og helikopterbase og den nest største kommunen i fylket, er svært avhengig av sysselsettinga i petroleumsindustrien. Forsyningar, persontransport og driftsstøtte til eksisterande og nye felt i Nordleg del av Nordsjøen spelar ei avgjerande rolle for funksjonsbreidde og konkurransesevne. Alle dei skisserte utbyggingsalternativa vil medføre mykje aktivitet, og drifts- og basetenester for dei ulike prosjektfasarar må adresserast uansett løysing.
2. Florø har tilgjengeleg infrastruktur og lang erfaring som drifts-, forsynings- og helikopter-base og som stad for lagring og vedlikehald av utstyr, deriblant avansert subseautstyr. Tre operatørselskap har i utgangspunktet aktivitet i og ut frå Florø, som ligg svært sentralt plassert i høve Garantiana. Det ligg difor godt til rette for effektive samarbeidsløysingar. Vi ber om at operatøren drar vekslar på desse moglegitene og greier ut korleis dette vil bli handtert.
3. Lokalisering av driftsorganisasjon er viktig med omsyn til kompetansearbeidsplassar og næringsutvikling lokalt. Vi ber om at operatøren greier ut kva driftsoppgåver som kan utviklast hos oss.
4. I slike utbyggingsprosjekt vil mykje av aktiviteten skje i regi av store underleverandørar. Rettidig og relevant kontakt med desse, i tillegg til med operatørselskap, er avgjerande for at

lokal leverandørindustri skal kome i inngrep med konkurransedyktige løysingar. Her vil operatøren spele ei svært viktig rolle. Vi ber om at operatøren legg til rette for at lokal leverandørindustri får best mogleg føresetnader for å delta i prosjekt- og i påfølgjande driftsfase, og at tilnærminga blir synleggjort i konsekvensutgreiinga.

5. Det er naturleg at vi er aktive bidragsytarar på fleire av dei punkt som her er nemnde. I samband med planar for utbygging og drift av Knarrfeltet (tidlegare Jordbærfeltet) utarbeidde vi eit regionalt bidrag til arbeid med lokaliseringssstudie, og vi erfarte ei inkluderande haldning frå operatørselskapet. Vi ber om at det vert lagt til rette for ein open og konstruktiv dialog, slik at vi er trygge på at tilsvarande og oppdatert kunnskapsgrunnlag vert lagt til grunn i den vidare prosessen. Sogn og Fjordane fylkeskommune ønsker å ta rolla som regionalt kontaktpunkt i forhold til dette.
 6. Elektrifisering er eit viktig element i forhold til utvikling av sentral fysisk infrastruktur. Skulle vidare utgreiingar gje rom for å innfri politiske målsettingar om kraft frå land, så bør arbeidet ta utgangspunkt i at krafta skal hentast frå Sogn og Fjordane. Tidleg involvering av regionalt nettselskap blir i tilfelle viktig.
-

SAK 69/17 Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018 - 2027 Utlegging til offentleg ettersyn

Frå hovudutval for samferdsle låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Høyringsutkast til Regional transportplan 2018 – 2027 med vedlegg vert lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist 30. september 2017.
2. Rapporten om framtidig trasé for Kystvegen har vore ute på høyring våren 2017. Fylkesutvalet legg likevel rapporten ut til offentleg ettersyn saman med Regional transportplan 2018 - 2027, og ber om innspel på strekninga frå Dalsfjorden og nordover til grensa mellom Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.
3. Fylkesutvalet legg også forslag til gå- og sykkelstrategi for Sogn og Fjordane ut til offentleg ettersyn som ein del av høyringa av Regional transportplan.

Korrigeringar i RTP-dokumentet:

Side 11 under 2.6 Det off. vegnettet skal vere sikra mot skred innan 2040
Ekstra kulepunkt: ved første rullering av RTP utarbeidast ein heilskapleg plan for skredsikring

Side 50 under 8.2 Rv 5 må inn i siste setning (andre avsnitt)

Side 51 under 8.3 kostnadskrevjande skredssikringsprosjekt, andre avsnitt: Ein bør kunne forskotere slik at ein får fullfinansiert fv. 722 Flovegen i perioden

Endringsframlegg:

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. På side 18 bør Solund og Gulen kommunar også settast inn på «pendlar-kartet»
2. Nytt punkt under «Generelle utfordringar»:
Barn, unge og andre utan førarkort
Denne gruppa har særlege transportutfordringar for å delta på aktivitetar utanom skule- og arbeidstid. Utfordringa aukar ofte di lenger ein kjem frå sentra. Eigne ordningar med tingingsruter, sørviskskyss, lokale transporttilskot, «heim for ein 50-lapp», ungdomskort og fleksibel skuleskyss for både grunnskuleelevar og elevar ved vidaregåande skule må vurderast.

3. Endring på side 41 «Trafikktrygging», siste setning: «Visjonen om 0 drepne og 0 hardt skadde i trafikken står fast. Som eit «etappemål» skal talet på drepne og hardt skadde i trafikken reduserast til maksimum 16 i 2024.»

Avrøyting:

Punkt 1 og 3 i framlegget frå Kristeleg Folkeparti vart samrøystes vedtekne. Trude Brosvik og Gunhild Berge Stang røysta for punkt 2 i framlegget frå Kristeleg Folkeparti og framlegget vart forkasta. Tiltrådinga frå hovudutvalet for samferdsle, med endringar vedtekne ovanfor, vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Høyringsutkast til Regional transportplan 2018 – 2027 med vedlegg vert lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist 30. september 2017.
2. Rapporten om framtidig trasé for Kystvegen har vore ute på høyring våren 2017. Fylkesutvalet legg likevel rapporten ut til offentleg ettersyn saman med Regional transportplan 2018 - 2027, og ber om innspel på strekninga frå Dalsfjorden og nordover til grensa mellom Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.
3. Fylkesutvalet legg også forslag til gå- og sykkelstrategi for Sogn og Fjordane ut til offentleg ettersyn som ein del av høyringa av Regional transportplan.

Korrigeringar i RTP-dokumentet:

Side 11 under 2.6 Det off. vegnettet skal vere sikra mot skred innan 2040
Ekstra kulepunkt: ved første rullering av RTP utarbeidast ein heilskapleg plan for skredsikring

På side 18 bør Solund og Gulen kommunar også settast inn på «pendlar-kartet»

Endring på side 41 «Trafikktrygging», siste setning: «Visjonen om 0 drepne og 0 hardt skadde i trafikken står fast. Som eit «etappemål» skal talet på drepne og hardt skadde i trafikken reduserast til maksimum 16 i 2024.»

Side 50 under 8.2 Rv 5 må inn i siste setning (andre avsnitt)

Side 51 under 8.3 kostnadskrevjande skredssikringsprosjekt, andre avsnitt: Ein bør kunne forskotere slik at ein får fullfinansiert fv. 722 Flovegen i perioden

SAK 70/17 Skriv og meldingar fylkesutvalet 20. juni 2017.

Følgjande skriv og meldingar vart handsama:

- 1a: Kontaktutvalet for Olden og Oldedalen - FV60 Skarstein
1b: FV60 Skarstein - ny informasjon
- 2a og b: Sikring av fv. 633 ved Kleiva – endra kostnadsoverslag
Ikkje offentleg, Ofl § 23, 1. ledd, økonomi-, løn- og personalforvaltning
- 3: Brev frå KMD: Søknadsprosess og krav til søknad om ferjeavløysingsmidlar
- 4a: E-post frå Kraftfylka: Opprop fra fylker til Stortinget om opprinnelsesgarantier
4b: Vedlegg til e-post: Ren norsk kraft

SAK 71/17

Kompensasjon for ikke utlevert vitnemål

Ikkje offentleg OfL § 13, lovbestemt teieplikt

VEDTAK:

Ikkje offentleg OfL § 13, lovbestemt teieplikt

SAK 72/17

Fullmakt til Statens vegvesen til å inngå utanrettsleg forlik

Ikkje offentleg OfL § 23, 1. ledd, økonomi-, løn- og personalforvaltning

VEDTAK:

1. Fylkesutvalet godkjenner framlegget til fullmakt.
 2. Fylkesrådmannen skriv under fullmakta på vegner av fylkeskommunen.
-